



Dramatikk i Helgheim – på videoen som no er klar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Musikkvideoen til EDO-låta "Bygdafest" som vart laga for stutt tid sidan av Vårdal Elmedia er no klar og du kan sjå den ved å klikka på lenkja nedanfor. På den måten kan du også finna fram til videoen til "Lubbesild og kalde pote" som det populære dansebandet laga på Dønhaug.

Mykje av den nye videoen vart spela inn på Helgheim, men det også opptak frå Odda. Videoen til "Lubbesild-låta" (trykk [her](#) for å sjå videoen) var for få veker sidan å sjå på NRK 2-programmet "Svisj Danseband" og målsettinga til EDO er at også den nye videoen skal visast der. Så spørst det om den tekniske kvaliteten er god nok. Opptaka frå Helgheim kan vera i mørkaste laget. Videoen er på tre minutt og 39 sekunder effektiv speletid.

"Bygdafest" er sterkt inspirert av opplevingar som Ove Eikemo hadde heime på Bømlo då han vaks opp. Han skreiv låta hausten 2004 og har spela ho mange gongar. Det er fleire dramatiske scener frå Helgheim på videoen. Ei av dei er av kona som kjem inn døra med kjevlet klårt til slag. Mannen hennar får hard medfart før han blir fjerna frå lokalet! I ei anna scene får ein festdeltakar inn eit svingslag på ein annan og det endar med at han fell over eit bord som går i golvet med eit brak.

Men slikt har naturlegvis aldri hendt på Helgheim.....
Sjå videoen bygdafest [her](#)

Ola Matti Mathisen